

## Vi treng eit skuleløft

Strukturdebatten i Kvinnherad dei siste 8 åra har tatt kvelartak på skulen, og politikarane har i for lita grad sett konsekvensane av budsjettkutta dei har pressa gjennom. Dette har gitt ein dårlegare skule, dårlegare læring og ein dårlegare skulekvardag for elevane. Samtidig har Noreg det høgaste skulefråfallet i heile Europa, og mange unge slit på skulen.

Ei av utfordringane i dag er at skulen vert pålagt stadig fleire instruksar frå økonomane og juristane i hovudstaden som styrer norsk skulepolitikk. Resultatet vert at lærarane må nytta alt for mykje av tida si på målstyring, rapportering og utfylling av skjema. Vi vil la den einskilde lærar få lov til å vera lærar og gjera det vedkomande kan best, nemleg gi undervisning med høg kvalitet og vera gode rollemodellar for elevane.

Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen er på ville vegar når han aviser framlegget om auka lærartettleik med at Høgre prioriterer «bedre lærere og ikke flere lærere». Her tar kunnskapsministeren frå Høgre fullstendig feil, og undersøkingar syner tvert mot at mindre klassar er best. Dette gjeld særleg for yngre elevar, gutar av foreldre med låg utdanning og minoritetsspråklege elvar. Undersøkingar syner og at elevar frå mindre klassar blir flinkare på skulen, og dei presterer betre gjennom heile utdanninga. Pedagogane må meir aktivt på banen i skulepolitikken, og gjenerobra arenaen som i dag i alt for stor vert styrt av økonomar og juristar.

Som vi skreiv i eit tidlegare lesarinnlegg i sommar, er det også grunn til å ropa varsko for at stadig fleire unge slit på skulen. Prestasjonsjaget i skulen gjer barn og ungdom sjuke. Dette går ikkje berre ut over læringa, nei, det fører også diverre til at mange droppar ut av skulen. Vi ønskjer ei betre skulehelseteneste med langt meir fokus på psykisk helse. I samband med dette trur vi at det er spesielt viktig at barn vert sett i skulen. Skulen er ikkje berre viktig for å nå oppsette kunnskapsmål. Læreplanen for grunnskulen har nemleg og ein generell del, heile mennesket skal bli sett. Elevar kjem på skulen med ulik bakgrunn og kvar sin historie. Dei treng å bli sett av læraren, og dei vaksne på skulen. Det gjer ein betre om ein er 15 elevar i klassen enn om ein er 30. Samtidig er det etter Miljøpartiet Dei Grøne si meining nødvendig å tilby gode undervisningsopplegg for elevar som i dag ikkje får nok utfordringar i skulekvardagen. Vi ønskjer her ei eller anna form for nivådeling slik at alle elevar får faglege utfordringar i tråd med sine evner og interesser.

Miljøpartiet Dei Grøne vil auka skulebudsjettet og gi skulane i Kvinnherad meir ressursar. Vi vil også sjå nærare på lærartettleiken og tiltak som kan skapa eit betre læringsmiljø, både for elevane og lærarane. Barn og unge representerer framtida, og difor er ein trygg og god skulegang og oppvekst noko av det aller viktigaste vi som politikarar kan bruka våre ressursar på. For vårt parti er dette langt viktigare enn å protestera mot innføring av eigedomsskatt. Så lenge dei sentrale styresmaktene ikkje legg nok pengar på bordet, treng vi kort og godt eigedomsskatt for å kunna gjera nødvendige satsingar innanfor mellom anna skule og eldreomsorg.

Knut Førland og Matthias W. Zimmermann,  
Listekandidatar  
Miljøpartiet Dei Grøne